



Ulvanåso er eit av turmåla som turistinformasjonen i Rosendal lokkar med denne sommaren. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Guida turar på Ulvanåso inngår i eit nytt tilbod frå turistinformasjonen og Folgefonna nasjonalparksenter i Rosendal. Den første turen var planlagt til onsdag, men så seint som tre timar før fristen gjekk ut tirsdag kveld hadde det meldt seg berre ein deltakar og det gjekk mot avlysing.

- Det tek ei tid før tilbodet blir kjent og får gått seg til, seier Karen Løvfall Våge på Turistkontoret til uskedalen.no . Turane på Nåsø skal avviklast kvar onsdag fram til 1. august. Kvar måndag blir det turar til Melderskin og kvar fredag til Malmangernuten. Alle turane krev påmelding seinast dagen før klokka 18. Telefon-nummeret til Turistkontoret er 53 48 42 80.

Guide under turane blir Daniel Andreas Knoop (24), som er tilsett som "naturlos". Han har bakgrunn frå mellom anna Bergen og Stavanger men har familie fleire stader i Kvinnherad og har ofte feriert i området. Han har gått mykje i fjellheimen i Kvinnherad og seier til Grenda at det er vanskeleg å trekke fram ein bestemt favoritt av fjella. Men han likar Juklavasskrona godt og har vore ein del på Melderskin, i Myrdal og i Bjørndal. Han skal også leia bygdevandringar i Rosendal denne sommaren.

Daniel Andreas utdannar seg innan idrett og friluftsliv ved høgskulen i Sogndal.

- Hvis det blir mange fjellturar, er dette ein drøymejobb, seier han.

Mellom vandringane skal han vera å finna bak skranken i turistinformasjonen.

Turen på Nåsø går via Uskedalen og Lågånåsø og deretter til ein av toppane.

Alle fjellturane kostar 350 kroner.

Av Ola Matti Mathisen